



Det kjem stadig sterkare kritikk mot Beinavikjo-planen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Reaksjonane mot Beinavikjo-planen blir stadig sterkare. Fylkesmannen er til dømes ikkje nådig i sin kritikk. Han har fremja motsegn mot planen på fleire punkter.

Eit punkt er at framlegget delvis er i strid med kommunedelplanen, eit anna at det manglar konsekvensutgreiing og eit tredje at strandsonevernet er skjerpa. I tillegg er det knytt motsegn til småbåthamna, endring til offentlig føremål langs strandsona, manglande krav om utbyggjingsplan og manglande leikeareal.

Fylkesmannen skriv i si generelle vurdering mellom anna at planframlegget verkar noko uferdig. Mellom anna er eindel av føresegnene ikkje i samsvar med plan- og bygningslova og det er manglande samsvar mellom kart og føresegner. Planen er lite konkret i høve til korleis området er tenkt nytta. Den opnar for både bustader, fritidsbustader og hotell utan at det er angitt kor stor andel som skal nyttast til dei ulike føremåla.

I tillegg saknar fylkesmannen kommunen si vurdering av planframlegget på ei rekkje sentrale punkt. Dette gjeld mellom anna dei landskapsmessige konsekvensane av tiltaka, i kva grad lokaliteten for småbåthamn er egna til føremålet og manglande leikeareal og grøntstruktør. Framlegget er delvis i strid med kommunedelplanen, som ikkje opnar for oppføring av fritidsbustader og bustader langs sjøen og det er ikkje opna for utleggjing av småbåthamn og flytebyggjer.

Fylkesmannen er kritisk til etablering av fritidsbustader og bustader i dette området. Det er i strid både med kommunedelplanen, den nasjonale innskjerpinga av strandsonevernet og regionale mål for forvaltning av strandsona. Det er mellom anna eit klart nasjonalt og regionalt mål at privatiseringa av strandsona skal stansast. Byggjing av fritidsbustader og bustader i strandkanten er i strid med dette målet. Difor fremjar fylkesmannen motsegn til oppføring av bustader og fritidsbustader i området sett av til næring og oppføring av fritidsbustader i områder sett av til bustad.

I tillegg er fylkesmannen kritisk til graden av utnytting som planframlegget opnar for. Med unntak av eit lite område i bakkant er heile området sett av til ulike former for utbyggjingsføremål. Det vert opna for oppføring av svært mange etasjar fordelt på ulike bygningar. I området KB1 og KB2 vert det opna for oppføring av bygg i fire etasjar og i området KB3, KB4 og KB5 i tre etasjar. I tillegg kan det oppførast parkeringskjellar i to etasjar og loft for alle bygningane i planområdet. Bygningar i tre eller fire etasjar med loft og to parkeringsnivå vil etter fylkesmannen si vurdering framstå som stort og dominerande og harmonerer dårleg med landskapet elles. Fylkesmannen saknar kommunen si vurdering av utforming og byggjehøgde på tiltaka i høve til terreng og landskap, nær- og fjernverknad.

Han peikar vidare på at hotellkompleks utanfor byområde og lystbåthamner skal konsekvensutgreiast hvis dei får vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Uskedalen vert vurdert til å ha det mest eineståande landskapet i regionen og difor fremjar fylkesmannen motsegn til manglande konsekvensutgreiing. Spørsmålet om småbåthamn kan han ikkje ta endeleg standpunkt til før kommunen gjev ei nærare vurdering av i kva grad området er egna for småbåthamn. Difor fremjar han motsegn til småbåthamna til han har fått opplysningar om trongen for småbåthamn i området og om nærleik til andre småbåthamnar.

Dette er også punkt som fylkesmannen fremjar motsegn til:

- For at ålmenta skal få tilgang til området langs sjøen må det gjevast eit offentleg føremål og det må setjast av eit breiare område enn den eine meteren som framlegget opnar for. Fylkesmannen peikar også på at det ikkje er sett av areal til grøntstruktur.
- Det manglar leikeområde. Det må setjast av minst 50 kvadratmeter leikeareal pr. bustad, 25 kvadratmeter i konsentrert bustad og minst fem dekar friareal ikkje meir enn 200 meter frå bustaden.

Av Ola Matti Mathisen